

Eide får ja frå fylkesmannen

29.01.2015

Eide Fjordbruk har søkt om endra anleggskonfigurasjon for oppdrettsanlegg ved Brandaskuta og Hågårdsneset og fylkesmannen har ingen merknad til nokon av dei. Begge inneber trong for meire areal. Det nye anlegget vert noko lengre enn dei som har vore der før - med 7 bur på 35 X35 meter mot tidlegare 6 bur av ulik storleik.

Anlegget som skal nyttast strekk seg lenger ut i Hardangerfjorden. Endringane blir vurderte til ikkje å påverka miljøet. Straumtilhøve og resultat av granskingar har vore gode.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen